

Årsmelding for Sør-Aurdal Historielag 2024.

Styret har bestått av leiar Åse Østgård Hagen, kasserar Halstein Heiene, sekretær Anne Karin Eid og styremedlemmane Sigrid Haugen og Anne Grethe Bøen. Varamedlemmane har vore Trygve Langedrag og Tor Ingar Nordby. Medlemstalet pr. 31.12.2024 er 106. Rekneskapen viser eit overskot på Kr.13 629,-

2024 har vore eit aktivt år for historielaget. Vi hatt fire styremøte, og fire møte i hyttebokkomiteen, i tillegg til årsmøtet i februar. Vi har hatt to medlemsturar, samt utgjeving av nytt hefte og ny bok. På førre årsmøtet var temaet «Skogsdrift før motoriseringa». Dette var naturleg då vi dette året hadde stort fokus på bokprosjektet vårt om skogshytter. Vi fekk sjå videofilmar der Kjellaug Kjensrud og Arvid Vestrom fortalte om livet i skogen for 60-70 år sidan.

På forsommaren tok leiaren i styret kontakt med planavdelinga i kommunen for å få avklara kven som har ansvaret for kva på Ulekyrkjetomta. Det hadde til no ikkje vore nokon klar avtale på dette. No er det endeleg bestemt kven som har ansvaret for dei ulike oppgåvene på tusenårsstaden til Sør-Aurdal kommune for ettertida: Historielaget har ansvaret for parkeringsplassen, grinda og informasjonstavla nede på tomta. Sør-Aurdal kyrkjelege fellesråd har ansvaret for minnesteinen og kommunen har ansvaret for å slå gras/rydde kratt frå grinda og ned til tomta og på sjølve tomta.

27. mai var det kveldstur til ein av dei eldste gardane i kommunen, til Ellendshaugen som ligg høgt oppe i skogkanten på Øystre Bagn. Turen var i samarbeid med Sør-Valdres Rotary. Dei noverande eigarane ynskte oss velkomne til det vakre, gamle tunet. Våningshuset er bygd ca. 1780 og loftet eller stabbursloftet er endå eldre, kanskje så gammalt som 400 år! Tor Morten Røhr fortalde om tunet og husa og det frivillige arbeidet som var gjort her. Han var leiar for vernegruppa i historielaget, og frå 1985 til 1993 vart det lagt ned mange dugnadstimar på Ellendshaugen.

31. august, på ein strålende fin og varm haustdag, hadde historielaget tur til Vassfaret og Vassfarplassen. Vi køyrde med buss så langt som til Nevlingsdammen, der måtte vi parkere. Eigarane av Vassfarplassen møtte oss der med privatbilar som tok fleire vander og frakta oss vidare til målet for turen. Der fekk vi høyre historier om plassen og korleis det gjennom dei siste 30 åra er vorte bygd oppatt fleire hus, maken til dei som stod der før. Ein stor takk til eigarane for måten vi vart teke imot på denne dagen.

Tilbake ved Nevlingsdammen fekk vi høyre eit spennande foredrag av Bjørn Henrik Stavdal Johansen, og det var ganske sjølvsagt at tema for foredraget var: «Bjørn i Vassfaret». Vassfartraktene er særleg kjent for å vera eit av dei siste områda i landet med fast tilhald av bjørn heilt fram mot 1960-70-åra, men den tida er dessverre forbi. Bjarne Berg skal også ha takk for all kunnskap han delte med oss. På heile bussturen frå start til slutt fortalte han om stader vi køyrde forbi, om natur, geografi, og interessante historier. På turen tilbake stoppa vi ved Skrukkefyllhaugen og fekk høyre om Berte som budde her

som den siste fastbuande i Vassfaret. På garden Bjørke fekk vi koma inn i hovudhuset og sjå korleis dei levde for over 100 år sidan. 24 deltakarar var svært nøgde med dagen og turen!

11.oktober kunne redaksjonskomiteen ved Sigrid Haugen, legge fram Sagn og Soge i Søndre Ourdahl 2024. Arrangementet gjekk føre seg på Bangsmoen og den trivelege stua var full då ca. 40 tok turen hit denne kvelden. Heftet, som er det 22. i rekka, har variert innhald frå heile kommunen. Svein Thorsrud og Kåre Leite heldt føredrag og viste bilder frå sine artiklar i heftet. Tusen takk til redaksjonskomiteen for den viktige jobben de gjer med å ta vare på Sør-Aurdal si historie for ettertida. Komiteen har bestått av Marianne Bjørnstad, Anne Marit Framnes, Gunn Lundene, Sigrid Haugen, Ragna Heiene og Kåre Leite.

12.oktober hadde historielaget, i samarbeid med Aurdal historielag, tur til Breiesleiren i Etnedalen. Leiren ved Bergatjednet var heimefrontsleir og i bruk av motstandsfolk under andre verdskrigen frå hausten 1944 til utpå våren 1945. Dei 11 turdeltakarane fekk høyre om kvifor leiren blei etablert og korleis dei som var i leiren, hadde det dei månadene dei oppheldt seg der. Kaffipausa tok vi under tak i "sovehytta" som framleis står som den gjorde då motstandsfolka budde her. Peisestua i Breiesleiren blei bygd opp att av Etnedal historielag i 1994.

29.november kunne historielaget endeleg vise fram resultatet av nesten fire års arbeid. Boka «Skogshyttene i Sør-Aurdal» vart lansert på Begna Bruk. Kantina var fullsett, om lag 60 personar møtte opp. Anette Hougsrud, som har vore den viktigaste drivkrafta bak boka, presenterte stoffet og viste bilder. To skogskarar, Martin Martinsen og Oddvin Strømmen fortalde om korleis dei hadde opplevd livet som skogsarbeidarar for ca. 70 år sidan. Dette vart eit høgdepunkt på kvelden! Mange rosande ord er sagt om arbeidet som er utført, og historielaget er svært nøgde med boka. Det er mange som skal takkast for at resultatet vart så bra, og folk frå alle delar av kommunen har bidrege, meir eller mindre. Boka fekk god pressedekning og salet fram mot jul gjekk over all forventning.

Styret i Sør-Aurdal Historielag vil få takke alle som har gjort ein innsats for laget på ein eller annan måte i 2024. Vi håper at engasjementet og interessa for lokalhistoria held fram også i 2025.